

Nettvett

I dag er bruk av internett, smartmobilar og nettbrett ein naturleg del av kvardagen til både barn og vaksne. Dette gir fantastiske moglegheiter og gjer kvardagen på mange måtar enklare. Ein får og deler all slags informasjon – enten med venner eller med resten av verda. Samstundes gjev det utfordringar du som forelder bør ta stilling til.

Gode nettbrukarar

Foreldre i dag ønsker at barna skal vere gode nettbrukarar og kunne ta gode val. Som på andre område, er du som forelder eit forbilete når det gjeld internett, spel og sosiale media. Som vaksen er det viktig å prøve å sette seg inn i den kvardagen barn har i forhold til nettet. Det handlar om å vise engasjement og glede over det barnet ditt er opptatt av, men òg å vise tydelege og forsvarlege grenser.

Gode rollemodellar

Barn ser kva du gjer og lærer av dette. Dette gjeld også korleis du opptrer på sosiale media, kva spel du spelar og kor mykje tid du brukar på dette. Det er viktig at det er samsvar mellom det du ønsker at barnet ditt skal lære og kva du viser gjennom eigen nettbruk.

Kvar går grensa?

Mange foreldre er bekymra for at nettbruk tek opp for mykje tid. Det er vanskeleg å tidsfeste kor mykje tid barn generelt bør bruke på tv og internett. Som forelder har du ansvar for at barnet ditt har balanse i kvardagen sin, og får «sin dose» av uteleik, trening, sosial leik med andre, allsidige fritidsaktivitetar, samvær med familie og nok søvn.

Nettsider for meir informasjon

Prosjektet «**Dubestemmer.no**» er eit undervisningsopplegg for foreldre om personvern og digital dømmekraft. Her er gode tips til foreldre. Å snakke med andre foreldre er viktig for å få oversikt over kva barna gjer på nett, og korleis det pregar miljøet på skulen og i fritida. **Barnevakten.no** er ei nettside som gir gode råd om barn og media. Visjonen er at barn og unge skal bruke media på ein trygg og bevisst måte. **Husfred.no** er eit hjelpemiddel som mellom anna legg til rette for dialog mellom foreldre på foreldremøte, og for korleis foreldre kan gå i dialog med barnet om dataspel.

Reflekter saman

- Kva er positivt med internett?
- Kva tenkjer du som forelder er viktig å vite angående den digitale barndommen?
- Kva kan du som forelder gjere for å førebygge uønska atferd på nett?
- Barn har rett til privatliv etter Barnekonvensjonen. Kor går grensa for privatlivet til barnet på nettet?

